



Sokneråda i Bjørgvin

Dato: 20.12.2018

Vår ref: 17/04754-24

Dykkar ref:

Kyrkjevalet 2019 i Bjørgvin - Val av medlemmer til nominasjonskomiteen for leke og oppmoding om å foreslå kandidatar til Bjørgvin bispedømeråd og Kyrkjemøtet

Dette brevet vert sendt til kyrkjekontora i Bjørgvin.

Vi ber mottakarne syta for at alle sokneråda får dette brevet.

Hausten 2019 skal det vera kyrkjeval. Det skal då veljast bispedømeråd for perioden 1. januar 2020 – 31. desember 2024. Bispedømerådet har sju leke medlemmer, ein lek kyrkjeleg tilsett og ein prest. Biskopen er i tillegg fast medlem.

Om bispedømerådet sine oppgåver seier kyrkjelova § 23 at rådet skal ha merksemda si på alt som kan gjerast for å vekkja og gje næring til det kristelege livet i kyrkjelydane, og det skal fremja samarbeidet mellom dei enkelte sokneråda og andre lokale arbeidsgrupper i bispedømet. Medlemene i bispedømerådet utgjer også Bjørgvin sine medlemmer i Kyrkjemøtet, Den norske kyrkja sitt høgste organ.

Bispedømerådet har om lag åtte møte i året. Eit verv i rådet krev evne til å setja seg inn i store og til dels kompliserte saker, god kjennskap til Den norske kyrkja og eit ønskje om å vera med å leia kyrkja. Både unge og erfarne vil ha mykje å gje i eit slikt arbeid. Dei vil få vera med på å tilsetja prestar, arbeida med strategi og økonomi, gudstenesteliv, rammer for arbeidet i sokna og kyrkjepolitiske saker. I den komande valperioden skal truleg ny kyrkjeordning på plass, og kyrkja skal som alltid finna ut kva det vil seia å vera kyrkje i ei tid prega av endring.

I samband med nominasjonsprosessen til val på nytt bispedømeråd, skal det veljast nominasjonskomité som skal setje opp ei valliste for leke medlemmer. Lista skal ha ein representant frå kvart prosti, og det må haldast prostivise møte innan 1. mars 2019 for å velja desse representantane.

Medlemmer av bispedømerådet kan ikkje vera med i nominasjonskomitéen.

Det må påreknast 1 – 2 møte for komitéen i Bergen i tidsrommet 1. mars – 30. april . Reise og opphald blir betalt av bispedømerådet. Ein kan også søkja om å få dekka tapt arbeidsforteneste i dei tilfella der det er aktuelt for dei leke medlemene.

Nominasjon av leke medlemmer

Postadresse:
Postboks 1960, Nordnes

E-post: bjoergvin.bdr@kyrkja.no
Web: <https://kyrkja.no/bjorgvin/>

Telefon: +47 55306470
Telefaks: +47
55306485

Sakshandsamar
Jens Z. Meyer

5817 BERGEN

Org.nr.:818 066 872

Val av lek medlem til nominasjonskomitéen for leke vil skje i samband med valkurs i prostiet. Valrådet i Bjørgvin bispedøme kallar inn til dette møtet saman med prosten. Kwart sokneråd skal senda leiar eller ein medlem til valmøtet.

I følgje kyrkjevalreglane § 6.2 består nominasjonskomitéen for leke av ein lek medlem frå kvart prosti i tillegg til ein lek medlem under 30 år peika ut av ungdomsrådet i bispedømet. Begge kjønn skal vera representerte i nominasjonskomitéen med minst 40 prosent, dette er eit nytt krav ved dette valet. Dersom nominasjonskomiteen etter val og utpeikingar ikkje får representasjon av minst 40 prosent av begge kjønn, rykker kandidatar frå det underrepresenterte kjønn ved vala opp på dei respektive lister i det omfanget som er nødvendig for å oppnå slik balanse. For at dette skal vera mogeleg, må det i kvart prosti veljast både ein mann og ei kvinne som medlem eller varamedlem. Vidare må det skrivast ein nøyaktig protokoll der det går fram kor mange som stemte og ei nøyaktig fordeling av stemmer. Det er valrådet i Bjørgvin som står for eit endeleg valoppgjør etter at alle prosti har vald sine representantar til nominasjonskomiteen for leke.

Nominasjonskomiteen vel sjølv leiar. Dei skal innan 30. april kl. 12.00 setje opp ei liste på 18 namn etter forslag på kandidatar sendt inn frå sokneråda, ungdomsrådet og nominasjonskomiteen sine medlemmer innan 1. mars. Nominasjonskomiteen skal innhenta kandidatane sine syn på aktuelle kyrkjelege spørsmål. Andre lister har same frist.

Forslag på leke kandidatar til bispedømerådet (Kyrkjevalreglane § 6-2)

Valrådet i Bjørgvin oppmodar med dette sokneråda i Bjørgvin om å fremja forslag på inntil fire kandidatar til leke medlemmer av bispedømerådet. Frist: 1. mars 2019.

Valrådet sender med dette også oppmoding til ungdomsrådet i Bjørgvin bispedøme om innan 1. mars 2019 å fremja forslag om inntil fire leke kandidatar til bispedømerådet.

Listeforslag ved val bispedømeråd og Kyrkjemøtet skal innehalde minst 20 prosent kandidatar under 30 år. Difor er det viktig å få forslag om unge kandidatar, både frå sokneråda og ungdomsrådet.

Alle råd kan foreslå kandidatar frå heile bispedømet.

Kandidatane som blir foreslått, skal spørjast av forslagsstillarane om dei er villige til å la seg nominere før forslag om namn blir sendt inn.

Kven kan vera kandidat? (Kyrkjevalreglane § 3-2)

(1) Valbar som lekt medlem til bispedømeråd og Kyrkjemøtet er alle som har stemmerett ved valet som seinast i det år det blir stemt vil ha fylt 18 år, og som ikkje er utestengd eller friteken.

(2) Utestengd frå val som lekt medlem til bispedømeråd og Kyrkjemøtet er

- a. dei som kan veljast ved val av prest, jf. § 3-3,
- b. dei som kan veljast ved val av lek kyrkjeleg tilsette, jf. § 3-4,
- c. tilsette ved bispedømekontoret i ei stilling på over 15 timar i veka og
- d. tilsette i Kyrkjerådet.

(3) Om en person skal stengast ute frå val avheng av om vedkommande har stillinga på valdagen.

Dei som vert føreslegne skal på førehand spørjast om dei er viljuge til å lata seg nominera. Av omsyn til nominasjonskomitéen sitt arbeid, bør det følgja ein liten stikkordsmessig presentasjon av kandidaten saman med ei grunngjeving på kvifor vedkommande bør bli nominert.

Gyldige framlegg på kandidatar må innehalda nødvendige opplysningar:

- Fullstendig namn og adresse, telefon og e-post.
- Fødselsdato
- Sokn
- Ei grunngjeving for kvifor vedkomande bør bli nominert.

Vi ber om at de fyller ut vedlagde skjema for å registrera forslag til kandidatar. Siste spørsmålet i skjemaet, "Opplysningar om kandidaten", er meint som hjelp for nominasjonskomitéen. Her har de høve til å tala varmt om dykkar kandidatar. Det som blir skrive her kan bli brukt i valinformasjon seinare, så skriv slik at opplysningane kan vera offentlege.

Kandidatane vil seinare få tilsendt eit eige skjema der dei fyller inn meir detaljerte opplysingar om seg sjølv.

Framlegg til kandidatar med naudsynlege opplysningar må vera oss i hende seinast 1. mars. Forslag kan også sendast på e-post eller i posten til:

**Valrådet i Bjørgvin, Bjørgvin bispedømekontor,
Postboks 1960, Nordnes,
5817 Bergen**

E-post: bjørgvin.bdr@kyrkja.no

For spørsmål, kontakt seniorrådgjevar Jens Z. Meyer, jm532@kyrkja.no, tlf. 55 30 64 86

Meir informasjon om kyrkjevalet på <http://kyrkjevalet.no>

Med helsing

Jan Ove Fjellveit
stiftsdirektør

Jens Z. Meyer
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
Skjema for bruk av soknerådet til framlegg på kandidat til bispedømerådet 2019

Mottakarar:
Sokneråda i Bjørgvin



Framlegg på lek kandidat til bispedømeråd og Kyrkjemøtet

1. Framlegget kjem frå

Namn på sokneråd:

Dato og saksnummer for vedtak:

2. Kandidaten (som må ha sagt ja til å stilla til val)

Namn:

Fødselsdato:

Adresse:

Bustadsokn:

Telefon (gjerne mobil):

E-post (obligatorisk):

3. Opplysningar om kandidaten

Her kan sokna hjelpa nominasjonskomitéen gjennom å gje konkret anbefaling av kandidaten, ved å nemna erfaring, positive personlege eigenskapar, etc.

4. Namn/underskrift og dato